



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 24/023	Dato:	27.05.2024

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 05.06.2024 vedtak

Inkasso

HANDSAMING:

Brannsjefen si tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtar å inngå avtale med Solvent egeninkasso.

Handsaming i styret 05.06.2024

SAKSOPPLYSNINGAR/VURDERINGAR:

Haugaland brann og redning iks har ikkje i dag eit system for innkreving av uteståande krav og fordringar. Selskapet kjøper administrative tenester av Suldal kommune, men Suldal kan ikkje ut frå avtale samt juridiske forhold, ta på seg denne oppgåva for selskapet. Dette var tema i vårt årlege samarbeidsmøte med Suldal kommune 2023 der det vert tilrådd å finne ei løysing på dette behovet.

Per i dag er det få krav som ikkje selskapet klarar å drive inn og det er av den grunn gjennomført ein kost-/nytttevurdering av å inngå avtale med inkassoselskap. I hovudsak er det innanfor unødige utrykningar og abonnementsordningar for alarmoverføringar som selskapet fakturerer for. Fram til i dag har oppfølging av uteståande faktura skjedd med etablering av direkte kontakt med kunde. Tap skuldast ofte avvikling av selskap eller tilsvarande.

Selskapet har behov for eit system for inkassokrav, men ser det ikkje formålstenleg å inngå avtale med «tunge aktørar» ut frå vår relativt låge mengde med krav. Det er derfor vurdert ulike løysingar der me landar på eit system som heiter Solvent egeninkasso.

Fakta:

System: Program frå leverandør som vert handtert av HBR. Namsmann gjer arbeidet på vegne av kreditor (skattefinansiert). Systemet vert vurdert til å vera lite tidskrevande og vil vera tilpassa behovet til HBR.

Pris: 9 500,- per år.

Effekt: Forventa løysingsgrad på 90 %. Systemet forutset at me har ein ressurs internt i selskapet til å følgje opp systemet. To eller fleire krav som me klarar å drive inn, det gjer systemet lønsamt.

Haugesund, 27.05.2024

Dag Botnen
brannsjef